

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7329-1

Skriv og melding 21. september 2017 - fylkesrådet for eldre

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

Opprop frå eldrerådet i Vågsøy
Orientering frå Helse- og omsorgsdepartementet om pasientreiser
Opprop frå Pensjonistforbundet

Meldesak 1) Opprop frå eldrerådet i Vågsøy

Opprop frå eldrerådet i Vågsøy med kopi til fylkesrådet for eldre, om urettferdig nettleige.

Meldesak 2) Uttale frå fylkesrådet for eldre om pasienten si legemiddelliste

Fylkesrådet for eldre sende 20. juni fylgjande uttale om pasienten si legemiddelliste:

«Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane støttar hensikta og ser nødvendigheita med å lage ei legemiddelliste for pasientar, men det er viktig med digital sikkerheit, slik at uvedkommande ikkje får tilgang til sensitive data. Det er viktig at pasientane får medisinen som dei treng.

Det bør vere gode rutinar for å informere brukarar om at dei kan reservere seg mot å stå på legemiddellista, òg i høve til kven som skal få innsyn til deira liste. Pasienten eller pårørande bør få ha kontroll med kven som har tilgang til legemiddellista.

For eldre som ikkje sjølv kan gå inn og finne opplysningar om si liste, bør dei få hjelp til å få ut opplysningane på papir. Fastlegen bør vere den naturlege hjelparen.

Fastlegen bør ha hovudansvaret for innhaldet og oppdateringa av legemiddellista, og han bør ta i vare at pasienten ikkje får, eller går på medisinar med unødvendige interaksjonar.

Elles er det viktig at pasienten sjølv er ansvarleg og melder frå om han brukar diverse naturpreparat, sidan fleire av desse kan ha uheldig verknad på ein del vanlege legemiddel».

Meldesak 3) Tilbakemelding frå Helse- og omsorgsdepartementet om pasientreiser

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ei orientering om endringane som er gjort i lovverket om pasientreiser. For utfyllande informasjon sjå vedlegg.

Meldesak 4) Opprop frå Pensjonistforbundet om lik straumleige i heile landet

Opprop frå eldrerådet Pensjonistforbundet med kopi til fylkesrådet for eldre, om lik straumleige i heile landet.

Meldesak 5) Paneldebatt 23. august

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane inviterte til paneldebatt på Skei 23. august.

Meldesak 6) Generasjonskonferanse

Det er kome inn forslag om å arrangere ein generasjonskonferanse, der fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesrådet for eldre og UPU samarbeider om å arrangere ein konferanse, med eit felles tema.

Forslag til dato for konferansen er 9. – 10. mars 2018.

Nordland fylkeskommune har arrangert slike konferansar i fleire år. Den siste konferansen arrangerte dei 21. – 23. april:

<https://www.nfk.no/politikk/medvirkning/eldreradet/generasjonskonferansen-2017.998002.aspx>

Meldesak 7) Vestlandskonferansen våren 2018

Det er fylkesrådet for eldre sin tur til å arrangere Vestlandskonferansen for eldreråda i dei tre fylka: Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er henta inn pristilbod frå hotell Alexandra i Loen. Før sommarferien vart det sendt e-post til dei to andre fylkesråda, med frist for tilbakemelding innan 1. oktober, om å kome med forslag til ulike tema som kan vere aktuelle på konferansen.

Meldesak 8) Ymse